



Akasia Kirke og Gravplass AS
Postboks 4 Ytre Laksevåg
5848 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13390 - 20/58307

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
17.09.2020

Vi treng meir opplysningar til søknaden - vidare saksgang - gbnr 108/527 Lindås

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 108/627
Tiltakshavar: Alver Kyrkjelege Fellesråd
Ansvarleg søkjar: Akasia Kirke og Gravplass AS

Nytt matrikelnummer

Arealet er frådelt til føremålet og har fått nytt nummer : **Gbnr 108/627**.
Lindås Tomteselskap AS står framleis som heimelshavar.

Kommunen stadfestar å ha mottatt søknaden dykkar den 10.07.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden snarast vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Søknad om avkjørsel frå fylkesveg

De søker på vegvesen.no :

<https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/soknad-om-avkjørsel/hvem-behandler-soknaden> .

Søknaden vert vidaresendt til rett instans for vidare behandling.

Vidare saksgang

Vi sender søknaden på høyring til Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt og til vår planavdeling.

Planstatus

Gjeldande plan er **Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad** med planid 1263-199001
Arealføremålet er spesialområde **Grav og urnelund**. Plankartet viser utviding av gravplass, utan anna detaljering enn parkering langs fylkesveg og gangveg fram til eksisterande gravplass.

Kommuneplanen pkt 2.2 Arealet skal inngå i reguleringsplan før tiltak vert tillate. Dette kravet er oppfylt.

Pkt 2.2.2 Krav om områderegulering : treng ikkje dispensasjon når vi har ein godkjent reguleringsplan

Plan under arbeid

Detaljregulering PlanID 1263-201407 - Fv 57 - gang-/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad ser ikkje ut til å bli berørt av omsøkte anlegg, anna enn ved tilknytning til gang- og sykkelvegen ved undergangen

Konklusjon

Tiltaket treng dispensasjon frå reguleringsplanen for flytting av parkering langs fylkesveg og gangveg fram til eksisterande gravplass.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Saksbehandlingsfrist

Tidsfristar for saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig behandla.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Akasia Kirke og Gravplass AS	Postboks 4 Ytre Laksevåg	5848	BERGEN
Alver Kyrkjelege Fellesråd	Lonsvegen 1	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Akasia Kirke og Gravplass AS	Postboks 4 Ytre Laksevåg	5848	BERGEN
Alver Kyrkjelege Fellesråd	Lonsvegen 1	5914	ISDALSTØ